

# Referat frå møte i Fagrådet

**Møtetid** : Torsdag 1. november 2018, kl 10.00 – 14.00  
**Møtestad** : Førde Sentralsjukehus - Møterom 4 (Administrasjonen, 2. etg)  
**Referent** : Stig Igland

<b>Frammøtte:</b>			
<b>Namn:</b>	<b>Tittel:</b>	<b>Eining:</b>	<b>Fråver:</b>
Randi Ytrehus (Påtroppande leiar)	Kommunalsjef	Bremanger kommune	
Mads Rekve (Avtroppande leiar)	Avdelingsjef/Leiar I Fagrådet	Helse Førde HF	
Hilde Tenold	Rådgjevar	Pleie og omsorg Vik kommune	
Kristine Brix Longfellow	Fagdirektør	Helse Førde HF/ Koordineringsrådet	X
Børge Stavland (Vararepr. for Longfellow)	Fungerande klinikkdirektør Medisinsk Klinikk	Helse Førde HF	
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Flora kommune/ Koordineringsrådet	
Kirstin Bruland	Kommunalsjef	Jølster kommune/Sunnfjord	
Kjersti Valvik	Tenesteleiar bistand og omsorg	Fjaler kommune/HAFS	
Tom Guldhav	Direktør	Kirurgisk Klinikk	X
Robert Brennersted (Vara for Guldhav)	Avdelingsjef	Kirurgisk Klinikk	X
Margun Thue	Stadleg leiar Lærdal sjukehus	Helse Førde HF	Deltok pr. video
Tone Holvik	Stadleg leiar Nordfjord sjukehus	Helse Førde HF	X
Laila Haugland	Avdelingsjef	Helse Førde HF	
Anne Stubdal	Praksiskonsulent	Stryn kommune/Helse Førde HF (observatør)	
Normund Svoen	Praksiskonsulent	Flora kommune/ Helse Førde HF (observatør)	
Jan Ove Tryti	Praksiskonsulent	Sogndal kommune/ Helse Førde HF (observatør)	X

Sak nr.	Sakliste	Tidsrom:	Ansvar:
33/18	Velkommen, godkjenning av innkalling og sakliste a) <i>Leiarfunksjonen i Fagrådet</i> b) <i>«Endringar i mannskapet»</i> c) <i>Saker til oppfølging frå forrige møte</i> d) <i>Plan for møtet i dag</i>	10.00 – 10.10	Mads Rekve & Randi Ytrehus
34/18	Godkjenning av referat frå møte 13.09.18		
35/18	Møteplan 2019 – Tid & stad	10.10 – 10.20	Elin Sørbotten & Stig Igland
36/18	Fagleg framlegg: masteroppgåve: <i>«Korleis erfarer tilsette i kommunehelsetenesta det å oppdage og rapportere avvik og korleis kan dette bidra til læring og betre kvalitet på tenestene» ?</i>	10.20 – 10.50	Karin Strand
37/18	Sogn og Fjordane - Pilotprosjekt på legevaktfeltet	10.50 – 11.20	Øystein Furnes
38/18	«Løypemelding»: Betre og systematisk teamtrening (BEST) – Avtale om organisering av teambasert trening og samarbeid i den akuttmedisinske kjeda.	11.20 – 11.35	Øystein Furnes & Tom Guldhav
39/18	Orientering frå praksiskonsulentane	11.35 – 12.00	Praksiskonsulentane
<b>Føremiddagsmat</b>		<b>12.00 – 12.30</b>	
40/18	«Løypemelding»: Involvering og honorering av legar i prosjektarbeid – mellom spesialisthelsetenesta og kommunar, samt for interkommunalt samarbeid	12.30 – 12.40	Anne Stubdal & Elin Sørbotten
41/18	Erfaringskonferansen 2019 – Dato, samansetnad av programkomiteén & plan for konferansen	12.40 – 13.10	Jan Helge Dale Elin Sørbotten
42/18	Pakkeforløp Psykisk helsevern - Kva kan dette bety for samhandlinga i vårt fylke ?	13.10 – 13.50	Jan Helge Dale & Mads Rekve
43/18	Aktuelle saker til neste møte	13.50 – 13.55	Mads Rekve & Randi Ytrehus
44/18	Evaluering av møtet	13.55 – 14.00	Mads Rekve & Randi Ytrehus

Sak nr.	Tema:	Ansvar:
33/18	Velkommen, godkjenning av innkalling og sakliste e) <i>Leiarfunksjonen i Fagrådet</i> f) <i>«Endringar i mannskapet»</i> g) <i>Saker til oppfølging frå forrige møte</i> h) <i>Plan for møtet i dag</i>	Mads Rekve & Randi Ytrehus
34/18	Godkjenning av referat frå møte 13.09.18	

Det blir ikkje meldt nokon merknadar knytt til innkalling og/eller sakliste.

### Av- og påtroppande leiar i Fagrådet orienterte om:

#### Leiarfunksjonen i Fagrådet

Frå og med møtet i november, er har «kommunesida» ansvar for å ivareta leiarfunksjonen. Helse og omsorgsutvalet har oppnemnt Randi Ytrehus, kommunalsjef Bremanger kommune, som ny leiar av Fagrådet etter Mads Rekve frå og med dette møtet i Fagrådet.

#### «Endringar i mannskapet»

Grunna overgang til ny stilling har Toril Varden gitt melding om at ho ikkje ser det som naturleg å halde fram i Fagrådet. Hilde Tenold, rådgjevar pleie og omsorg, Vik kommune, «rykker då opp» frå vararepresentant til å bli fast medlem.

Frode Myklebust, kommunelege i Lærdal kommune, blir vararepresentant for Hilde Tenold.

#### Saker til oppfølging frå forrige møte

Sak 25/18: «*Orientering frå praksiskonsulentane*»: Vedtak: «*Fagrådet gjev bestilling til praksiskonsulentane om ein orientering om «Barn med diabetes» til neste møte*». Det blir orientert om dette i sak 39/18.

Sak 29/18: «*Erfaringskonferansen 2019 – Dato & samansetnad av programkomiteén*»: Saka gjekk ut grunna tidsmangel i sist møte. Er sett opp på dagens sakliste under sak 41/18. Normund Svoen orienterer.

#### Vedtak:

1. Fagrådet godkjenner innkalling og sakliste.
2. Fagrådet tar orienteringa til vitande.

Det er meldt inn merknadar til utsendt utkast til referat knytt til følgende saker:

**Sak 26/18:** Godtgjering av allmennlegar som deltek i utviklingsarbeid

**Sak 28/18:** Prosjekt «Barn som pårørende»

Merknadane blei tatt opp i møtet. Fagrådet vedtok å endre ordlyden i vedtaka til følgende formuleringar:

**Sak 26/18: Godtgjering av allmennlegar som deltek i utviklingsarbeid:**

1. Framlegg blir sendt ut til kommunane slik det ligg føre.
2. Samhandlingskoordinatoren samlar innspel til saka frå kommunane og tek desse attende til Fagrådet.
3. Fungerande Samhandlingssjef i Helse Førde HF syter for handsaming i eiga føretaksleiing, og i Avtaleutvalet.
4. Dette vedtaket erstattar vedtaket i forrige utkast til referat.

**Sak 28/18: Prosjekt «Barn som pårørende»:**

1. Saka blir utsett
2. Interkommunal samhandlingskoordinator sender saka til uttale i kommunane, og samlar tilbakemeldingane til neste møte i Fagrådet.
3. Dette vedtaket erstattar vedtaket i forrige utkast til referat.

Stig Igland formidlar vedtaket om endra ordlyd i referatet, og ber referenten i forrige møte om å sende ut nytt referat der ordlyden er i tråd med vedtaket i Fagrådet 01.11.18.

Sak nr.	Tema:	Ansvar:
35/18	Møteplan 2019 – Tid & stad	Elin Sørbotten & Stig Igland

Det er planlagt 4 møter i Fagrådet i 2019. Møte blir fordelt på regionane i fylket. Ein kjem konkret tilbake til kvar møta blir:

**Torsdag 31.januar**

**Torsdag 11. april**

**Torsdag 12. september**

**Torsdag 14 november**

Møtetida blir frå 10.00 – 14.00.

**Vedtak:**

Fungerande samhandlingssjef i Helse Førde HF sør gar for at møtedatoar og møtestad blir lagt inn i:

1. Helse Førde HF sitt årshjul.
2. [Samordningskalendar i Sogn og Fjordane](#)

Interkommunal samhandlingskoordinator sør gar for at:

1. Møtedatoar og møtestad blir lagt inn i dei elektroniske kalendarane til medlemmer og varamedlemmer i Fagrådet ved at det blir sendt invitasjon.
2. Det praktiske kring møta blir organisert/koordinert.

Sak nr.	Tema:	Ansvar:
36/18	Fagleg framlegg: masteroppgåve: « <i>Korleis erfarer tilsette i kommunehelsetenesta det å oppdage og rapportere avvik og korleis kan dette bidra til læring og betre kvalitet på tenestene</i> » ?	Karin Strand

Karin Strand presenterte sitt mastergradsarbeid på ein framifrå måte.

**Vedtak:**

Fagrådet takkar Karin Strand for godt fagleg framlegg om eit interessant og viktig tema.

Sak nr.	Tema:	Ansvar:
37/18	Sogn og Fjordane - Pilotprosjekt på legevaktfeltet	Øystein Furnes

Øystein Furnes, Kommuneoverlege Førde Kommune og Legevaktsjef Sunnfjord og Ytre Sogn Interkommunale Legevakt IKS orienterte.

Gry Elise Albrektsen er tilsett i 20% stilling som prosjektleiar frå og med 01.11.18. Ho går over i full stilling frå og med 01.01.19

For meir informasjon viser ein til dei saksførebuande dokumenta, og presentasjonen som ligg føre frå møtet.

**Vedtak:**

1. Fagrådet tar orienteringa til vitande, og ønsker å få orientering om utvikling og framdrift i prosjektet haustsemesteret 2019.
2. Fungrande samhandlingssjef i Helse Førde HF set saka på restanselista til Fagrådet.

Sak nr.	Tema:	Ansvar:
38/18	«Løypemelding»: Betre og systematisk teamtrening (BEST) – Avtale om organisering av teambasert trening og samarbeid i den akuttmedisinske kjeda.	Øystein Furnes & Tom Guldhav

Øystein Furnes, Kommuneoverlege Førde Kommune og Legevaktsjef Sunnfjord og Ytre Sogn Interkommunale Legevakt IKS orienterte om intensjonen med, og prinsipp/metodikk knytt til Betre og Systematisk Teamtrening (BEST).

For meir informasjon viser ein til dei saksførebuande dokumenta, og presentasjonen som ligg føre frå møtet.

#### Vedtak:

1. Fagrådet godkjenner arbeidsgruppa sitt framlegg til nytt kapittel – SAMTRENING - i den akuttmedisinske kjeda mellom Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane. Delavtalen vert oversend [Avtaleutvalet](#) for revisjon, og arbeidsgruppa sitt framlegg til nytt kapittel om Systematisk teamtrening mellom kommunane og Helse Førde, vert innarbeidd i den reviderte utgåva av delavtale om den akuttmedisinske kjeda.
2. Fagrådet tilrår raskast mogleg oppstart, og at arbeidsgruppa vurderer om det kan vere rom for å søke om sentrale prosjektmidlar. Jan Helge Dale kan kontaktast for nærare presisering knytt til moglege tilgjengelege prosjektmidlar.

Sak nr.	Tema:	Ansvar:
39/18	Orientering frå praksiskonsulentane	Praksiskonsulentane

#### Anne Stubdal orienterte om følgande saker:

##### Deltaking i arbeidsgruppe som ser på pakkeforløp knytt til psykisk helse og rus:

Pakkeforløpa er tufta den same modellen som kreftpakkeforløpa, men i høve psykisk helse og rus blir kommunane mykje meir involvert. Innvolvinga på dette området kan sjå ut til å bli utfordrande for fastlegane. Sjå og sak: 42/18.

##### Deltaking i arbeidsgruppe knytt til telemedisin:

Telemedisin kan sjå ut til å vere eigna til dømes i høve tverrfaglege møter når ein skal drøfte samarbeid i komplekse pasientsaker.

Takstsystemet har pr. i dag ikkje i tilstrekkeleg grad refusjonar for arbeid gjennom telemedisinske verkty.

##### Deltaking i programkomiteén for Erfaringskonferansen:

Sjå nærare informasjon i sak: 41/18

**Normund Svoen orienterte om følgende saker:**Saman om betre diabetesbehandling for barn og ungdom i Noreg:

*- Eit kvalitetsforbetringsprosjekt i regi av Barnediabetesregisteret. Ynskje om samarbeid mellom barneavdlinga i Helse Førde og aktuelle fastlegar i Fylket.*

Barneavdelinga i Helse Førde ynskjer eit samarbeid med fastlegar omkring barn med høg HbA1c - dvs Hba1c over 8. Avdelinga har om lag 10 nyoppdaga diabetes barn pr år og fylgjer regelmessig omkring 90 barn med diabetes her frå Fylket. Om lag 20–30 % (18-27 pas) av desse vil ha behov for denne type oppfølging i samarbeid med fastlege. Handler om fellessamtale vedrørende motivasjon og måling av HbA1c. Ein tenker seg desse samarbeidsmøta gjennomført med video der fastlegen kan bruke møtetakst (takst 14 i normaltarriffen). Som bruker av helsenett kan fastlegen skaffe seg videoprogram på sine pc-er gratis (Cisco Meeting). Utstyr med kamera og mikrofon/høgtaler koster eit par tusen kroner.

Les meir på <https://www.nhn.no/helsenettet/video> eller ta kontakt med Jarle Øen i Helse Førde - [jarle.oen@helse-forde.no](mailto:jarle.oen@helse-forde.no)

Diabetesteamet ved barneavdelinga i Helse Førde med overlege Hildegunn Borkamo i spissen har laga informasjon om ordninga og kjem nok til å kontakte den enkelte fastlege med spørsmål om eit slikt samarbeid når det måtte bli aktuelt.

Les gjerne meir om: [«Saman om betre diabetesbehandling for barn og ungdom i Noreg Eit kvalitetsforbetringsprosjekt i regi av Barnediabetesregisteret»](#)

Legevaktspilot:

Florø kommune skal pilotere nokre verkty i høve bruk av telemdisin.

Omlegging av rutiner for celleprøver hos kvinner:

Normund informerte. Fagrådet vil bli orientert vidare om dette i på eit seinare tidspunkt.

**Vedtak:**

Fagrådet takkar for orienteringane frå Anne & Normund, og tar dei til vitande.

Sak nr.	Tema:	Ansvar:
40/18	«Løypemelding»: Involvering og honorering av legar i prosjektarbeid – mellom spesialisthelsetenesta og kommunar, samt for interkommunalt samarbeid	Anne Stubdal & Elin Sørbotten

Interkommunal samhandlingskoordinator Elin Sørbotten orienterte om følgende:

Saka har vore sendt ut på høyring i regionane i forkant av møte i Helse og Omsorgsutvalet 22.10.18. Saka vart behandla der, og følgande vedtak vart fatta: *«Helse og omsorgsutvalet i Sogn og Fjordane meiner framlegg til rutine for involvering og honorering av legar i prosjektarbeid er god og rår til at denne vert vedteken. Det som er nemt om eventuell kostnadsdeling mellom kommunane vert oppfatta som urealistisk å oppnå. Helse og omsorgsutvalet ber rådmannsutvalet ta ei endeleg avgjerd knytt til rutina og kostnadsdeling».*

Saka skal opp til behandling i Rådmannsutvalet 04.11.18.

#### **Vedtak:**

Fagrådet tar orientringa til vitande

Sak nr.	Tema:	Ansvar:
41/18	Erfaringskonferansen 2019 – Dato, samansetnad av programkomiteén & plan for konferansen	Jan Helge Dale Elin Sørbotten

Erfaringskonferansen 2019 blir 7 – 8 februar på Skei, med god anledning for nettverksbygging og erfaringsutveksling mellom konferansedagane.

Programmet/tilnærminga blir bygd over samme lest som tidlegare. Ein vektlegg bruk av «lokale krefter», og bruk av gruppearbeid kring sentrale spørsmål/utfordringar.

Det vil bli gjort eit førearbeid med spørreundersøking med det same innhaldet som tidlegare som tidlegare, men ein vurderer å legge til nokre nye spørsmål.

Programkomiteén har ambisjon om å få med fleire legar frå både første- og andrelinjetenesta. Det vil bli søkt om godkjenning som tellande kurstimar for fleire yrkesgrupper. For nærare informasjon viser ein til dei saksførebuande dokumenta.

#### **Vedtak:**

1. Fungerande samhandlingssjef i Helse Førde HF, Tone Holvik, erstattar Stig Igland som medlem i programkomiteén (sidan Igland no er gått ut av funksjonen som samhandlingssjef).
2. Fagrådet støttar ellers Koordineringsrådet sitt vedtak, og ønsker lukke til med denne framtidsretta og viktige konferansen.



Sak nr.	Tema:	Ansvar:
42/18	Pakkeforløp Psykisk helsevern - Kva kan dette bety for samhandlinga i vårt fylke ?	Jan Helge Dale & Mads Rekve

Pakkeforløp for psykisk helse og rus er utvikla i tett samarbeid med ulike fagmiljø, brukar- og pårørandeorganisasjonar. Forløpa skal legge til rette for gode individuelle forløp, gjennom endå betre samhandling mellom sektorane, klare ansvarsforhold og gode overgangar. Det er til no utvikla sju pakkeforløp innan psykisk helse og rus. Tre generelle forløp blir implementert hausten 2018.

I vårt fylke inviterte Helse Vest RHF og Helse Førde HF i samarbeid med HelseDirektoratet, til konferanse for lansering av pakkeforløp for psykisk helse og rus på Skei i Jølster 23. oktober.

Fagrådet reflekterte kring utfordringane på området, og kva implikasjonar innføring av pakkeforløp for psykisk helse og rus kan bety i Sogn og Fjordane. Ordninga ser ut til å medføre store krav til rapportering, registrering og koding. Fagrådet legg vekt på at det ser ut til å bli viktig å freiste å få meir likskap i behandlingstilboda ulike stadar i fylket.

#### Vedtak:

1. Fagrådet tar informasjonen i møtet til vitande
2. Hausten 2019: Invitere leiar for «tverrgåande prosjektarbeidsgruppe», Tor Christopher Fink og eventuelle forløpskoordinatorar til å orientere i Fagrådet. Fungerande samhandlingssjef i Helse Førde HF set dette punktet på restanselista til Fagrådet.

Sak nr.	Tema:	Ansvar:
43/18	Aktuelle saker til neste møte	Mads Rekve & Randi Ytrehus

Restanselista til Fagrådet slik den førelåg i samband med planlegging av møtet i Fagrådet 01.11.18, blir lagt ved referatet. Det blir understreka at restanselista berre er eit utgangspunkt for diskusjon/prioritering når ein planlegg møta i Fagrådet.

Alle er velkomne til å komme med forslag til saker.

«Strategisk arbeid knytt til rekruttering av helsepersonell i Sogn og Fjordane» blir meldt inn som mogleg sak. Fungerande samhandlingssjef i Helse Førde HF set punktet på restanselista.

Sak nr.	Tema:	Ansvar:
44/18	Evaluering av møtet	Mads Rekve & Randi Ytrehus
<p>Avtroppande leiar Mads Rekve takkar for seg i leiarvervet, og understrekar at han har sett stor pris med det store engasjementet og den livlige meiningsbrytinga i Fagrådsmøta.</p> <p>Stig Igland blir takka for arbeidet knytt til Fagrådet, og får applaus !</p> <p>Påtroppande leiar Randi Ytrehus gler seg til å ta fatt på leiarutfordringa. Ho legg vekt på mulighetsrommet knytt til kva ein kan få til saman, og ser fram til eit fruktbart samarbeid om felles utfordringar til beste for innbyggerane i Sogn og Fjordane.</p>		